

- Takk for ein fin trimsesong!

27.04.2008



Hege Lekva (lengst til venstre) og turngruppa kan sjå attende på ein god sesong. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det nærmar seg slutten på trimmen for dei vaksne og leiar Hege Lekva i turngruppa ønskjer å takka både ungane og dei vaksne som har trimma for ein fin sesong.

- Trimpartia for dei vaksne sluttar ein etter ein no. Aerobic og gymstick har slutta av, step har siste dag i morgon 28. april og seniortrimmen har siste dag 30. april, opplyser Hege.

Ho vil spesielt takka instruktørane Anette Sund (aerobic/step), Janne Hjelmeland (gymstick), Astrid Haugland (step/aerobic), Gunvor Myklebust (seniortrim), Janne Hjørnevåg (barnetrim), Merete Haugland (idrettsskule) og Åse Rebaudo (aerobic yngre) for god innsats.

Hege vil og nemna instruktørar som dei har hatt inne på idrettsskulen: Kate Wallentinsen (karate), Steinar Haugland (klatring), Catrine Haugland og Jostein Saghaug (ski og friidrett).

- Tusen takk for hjelpa til alle!

- Og no held dykk på med å planleggja neste sesong?

- Jau, men vi manglar instruktør på barnetrim og idrettsskule. Hvis du har lyst og moglegheit til å vera med kan du ta kontakt med meg på telefon 98 80 77 13, seier Hege.

- Det spelar ingen rolle om du kan vera med lite eller mykje, all innsats er av interesse, understrekar ho.

- Kanskje fleire vil dela på å ha eit parti? Vi blir uansett kjempeglade hvis nokon melder seg!

Av Ola Matti Mathisen